

Årsmelding for Jostedal Spel-og Dansarlag for året 2005.

Året 2005 har vore eit år på det jamne for Jostedal Spel-og dansarlag.
Årsmøte vart halde den 19.04.2005 på Jostedal hotell.
12 medlemmar møtte.

Styret vart då: Asbjørg Ormberg, leiar
Eldbjørg Haugen, nestleiar (ny i styret)
Janniche Hovland, kasserar
Solveig Sperle, skrivar
Helene Myklemyr Bolstad, styremedlem (ny i styret)
Tordis Vigdal og Arne Aasen Hauge varamedlemar til styret.
(Arne ny)

Valnemnd: Vigdis Bakken, Harald Haugen og Einar Ese.
Revisor: Gunnar Ruud (Halldor Sperle vara)

Det har vore halde 6 styremøte og handsama 22 saker gjennom året.
Det er ca. 58 medlemmer i laget.

Medlemspengane vart på siste årsmøtet fastlagde til kr. 50,- til lokal-laget.
Medlemspengar totalt vert då kr.

Aktivitet i laget.

Opplæring:

- Dette året har det vore opplæring på fele/hardingfele ved Else Marie Haugen (4 elevar) og Harald Hesjevoll (1 elev) Harald har vel òg gitt opplæring i trekkspel til denne eleven.
- Det var verkstadhelg 4.-5.november. Aktivitetane me enda opp med då vart dans for born og unge (Line-dans) v. Berit Leirdal, (ca. 14 deltakarar) Laurdag e.m var det dansekurs for vaksne, også med Berit Leirdal. Då fekk me lære Tango og Swing. (ca. 12 deltakarar) Laurdag f.m. var det felekurs for born og unge med Else Marie Haugen og Oda Heidi Bolstad som lærarar. (8 deltakarar)
- Det har vore opplæring / øving i dans, springar gjennom heile året.

Deltaking på kappleikar, stemne og kurs:

- Jostedal Spel- og dansarlag har hatt deltakarar på både Fylkeskappleik (i), Landskappleik (på Røros) og Vestlandskappleik (i Sande). I Sande vann dansegruppa frå JSD lagdansen. Laget har hatt domarar på fleire kappleikar.
- Det var også i år deltakarar på Mo- kurset. (kor mange?)
- Fleire av våre unge utøvarar er med på kappleikar og stemne rundt om i landet. Dei unge og yngste er flinke til å vere med på tilskipingar her i dalen (juletreffest, julekonsert, 17.mai,
- Laget har ikkje hatt utsending til årsmøte verken i fylkes-eller landslaget dette året.

Tilskipingar

- Det vart skipa til gamaldanskveld i samband med verkstadhelgi. Det vart ikkje så stort oppmøte, men folk kosa seg med god musikk frå Helene, Oda Heidi og Ida Kristine.
- Laget skipa til julebord på Jostedal Hotell laurdag den 17.12.2005. Me hadde i år rein gamaldansmusikk frå gruppene Helselaget og Labakkalaget. Me har fått stort sett gode tilbakemeldingar på dette. Det var svært god oppslutnad om julebordet, faktisk ca.140 til middags!

Ymse:

- JSD tok som vanleg sin del av arbeidet på 17.mai (selje is og brus)
- JSD er òg med som tilskipar av Blåe Tonar-arrangementa både vår og haust, og stiller då med vakter. Dette året var det store namn som Lomsk, Queen-beez, Bjørn Berge og Bodil Haug saman med brødrene Aastad Bråthen som drog folk til samkomene på Breheimsenteret, Hotellet og i kyrkja. Arvid Elvekrok og ... Flåten hadde kunstutstilling under arrangementet i august.
- Lars Stølen - fela er byrja på rundgongen hjå interesserte spelemenn/kvinner i laget. Styret sende i november ut førespurnad til aktuelle kandidatar til å få ha fela ei tid (1/2 år). Då svar var innkomne, vart det føreteke loddtrekking, som gav slikt resultat:
 - 1.periode: Oda Heidi Bolstad (01.01.2006-01.07.2006)
 - 2.periode: Else Marie Haugen (01.07.2006 – 01.01.2007)
 - 3.periode: Ann Kristin Sperle (01.01.2007 – 01.07.2007)
 - 4.periode: Mari Ormberg (01.07.2007 – 01.01.2008)
- Nokre av felene til JSD er utlånte til unge felespelarar som er elevar i Luster Kultur-og musikkskule.

Arbeidsplan for året 2006:

- Ha opplæring i spel, dans og song,
- Halde kurs og seminar.
- Ha verkstادهelg
- Halde instrumenta ved like. *Ha oversyn over kven som leiger instr.*
- Skaffe pengar til laget
- Profilere oss og bygda i turistsesongen. Dansekvevdar/ musikk-kvevdar på hotellet/Breheimsenteret, i kyrkja
- Delta på lokale arrangement
- Delta på kappleikar/treffar. Laget betalar deltakaravgift på 3 kappleikar pr. stk.
- Sende deltakarar på kurs
- Skipe til gamaldanskvevdar
- Halde årsmøte
- Skipe til julebord
- Prøve å sende ut medlemsnytt 2 g/år
- Arbeide for at kulturarven vår innan song, dans og spel vert halden i hevd.